



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Att:

Deres ref.
200804249

Vår ref.
10/4088-16 614.0/ANSK

Dato:
Oslo, 15.03.2011

Høring - NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring

Landsorganisasjonen i Norge (LO) har mottatt NOU 2010:10 "Tilpassing til eit klima i endring" på høyring. Vi gjer merksam på at fleire av LOs forbund er eigne høyringsinstansar i denne saka, og leverer difor eigne svar i tillegg til LOs høyringssvar vedtatt av LOs sekretariat.

LO vil understreke at den viktigaste oppgåva for samfunnet og politikarar når det gjeld klimaendringar, først og fremst er å redusere utsleppa av klimagassar, både nasjonalt og gjennom arbeid internasjonalt. Like fullt vil klimaendringar kome, og det er viktig at alle delar av samfunnet er godt budd på dette. Klimaendringar er eit prioritert emne for fagrørsla, og LO er derfor nøgd med at denne utgreiinga skal følgast opp med ei eiga stortingsmelding i nær framtid.

NOUen gir eit godt bilete av utfordringane, men syner at det er stor usikkerheit knytt til kor stor effekt klimaendringane vil få. Det er likevel klart at tempoet i klimaendringane er aukande. Dette stiller krav til ei raskare omstilling i samfunnet. Norge vert vurdert å vere blant dei mest robuste landa i verda når det gjeld påverknad frå klimaendringar, trass i at klimaframskrivingane syner ei middeltemperaturauke dette hundreåret på mellom 2,3 og 4,6 grader. Denne endringa kan få alvorlege følger for artar og økosystem, særleg i nordområda.

Landbruk og primærnæringane vert vurderte å ha stor tilpassingsevne, og er derfor venta å vere mindre sårbare for klimaendringar. Når det gjeld fiske, vurderer utvalet at denne sektoren i *første* omgang kan få positive effekter av eit varmare klima. LO vil påpeike at havforsuring som følge av at havet tek opp større mengder karbondioksid enn det kan lagre, og dermed dannar karbonsyre, er eit stort trugsmål for økosystema i havet, og dermed òg for kommersielt fiske og norsk sjømatnæring. Det er behov for ei større forskingssatsing på dette feltet.

Ein ventar størst endring i form av hyppigare og kraftigare ekstremvêr. Det framkjem av utgreiinga at utvalet vurderer naturmiljø, infrastruktur og bygningar å skilje seg ut som særleg sårbare for klimaendringar i Norge. Desse områda vil såleis òg ha størst behov for tilpassingstiltak.

Det tyder at utfordringane i stor grad vil kome i kommunane. Kommunane må settast i stand til å handtere tilpassinga til eit endra klima, både gjennom kompetanseheving, gjennom reguleringar (i første rekke ei tilpassa Plan- og bygningslov) og gjennom økonomiske rammer. – Det er eit stort vedlikehaldsetterslep i den kommunale bygningsmassen.

Det vil vere viktig at tilpassingsarbeidet vert samordna med anna planarbeid, som Nasjonal Transportplan (NTP), for både langsiktige og raske tilpassings-tiltak.

Det vert framhalde i utgreiinga at transportsektoren er sårbar for endringar i klimaet, og at dette i stor grad kan knyttast til eit stort vedlikehaldsetterslep. Jernbane og vegar vil vere særleg utsette grunna ekstremvær og store og aukande nedbørsmengder. Forvaltninga av vegnettet er fragmentert, noko som gir særlege utfordringar knytt til heilskap i utbygging og vedlikehald. LO meiner dette er ei problemstilling som må vurderast nærare i arbeidet med ei eiga stortingsmelding om klimatilpassing. Vi vil òg understreke at tiltak som reduserer behovet for transport, òg vil redusere sårbarheita. Infrastruktur for person- og varetransport må planleggast, dimensjonert, byggast og vedlikehaldast på ein robust og energieffektiv måte.

LO etterlyser igjen ein nasjonal strategi for miljøteknologi, som kan gi rammer for ei langsiktig, klimaresilient og framtidsretta næringslivssatsing. Dette er ikkje minst viktig for å sikre ei tilpassing til eit klima i endring.

LO tilrår at tre tiltak iverksettast snarast, blant anna for å auke samfunnssikkerheit og beredskap;

1. Det første er å starte ein gjennomgang av gjeldande lov- og planverk, særleg Plan- og bygningslova, med føremål å sikre ei regulering der tilpassing til eit klima i endring har hovudfokus.
2. Vedlikehaldsprogram for bygningar i offentleg eige og for infrastruktur må igangsettast, der særleg rassikring, omlegging og bygging av nye trasear for å hindre ulukker og øydeleggingar, flaumsikring og styrking av avløpsinfrastruktur, sikring av energi- og kraftforsyninga og kommunikasjonssystem vert prioritert. – Dette er samfunnsøkonomisk fornuftig, og vil òg skape og sikre arbeidsplassar.
3. Ei etter- og vidareutdanningsreform er sterkt påkrevd, og må kome på plass raskt. Ein av dei beste måtane å tilpasse arbeidslivet til eit klima i endring, er å sikre rett og mulighet for etter- og vidareutdanning, kompetanseheving, utdanningspåfyll, og omskuleringstilbod for alle. Vi treng å sikre at eksisterande jobbar vert ”grøne”, og vi treng kompetanse for nye, grønne og berekraftige jobbar for ei klimavenleg framtid. Utvalet tilrår mellom anna å etablere klare kompetansekrav til alle aktørane som driv næringsverksemd i byggjenæringa, og stille krav til bedriftene om å ha ei systematisk etter- og vidareutdanning av tilsette.

Vidare tilrår utvalet å igangsette forskning, kunnskapssamanstillingar og studieprogram på mange felt. LO vil støtte desse tilrådingane. LO er òg samd med utvalet i at overvaking og beredskap for havområda og økosystema må styrkast.

NOUen vart drøfta på møte i Arbeidslivets Klimaråd 14. februar (der miljøvernministeren og arbeidsministeren saman med fleire departement møter arbeidslivets hovudorganisasjonar for å drøfte klimautfordringane). Denne drøftinga vart noko avgrensa, ettersom høyringsfristen for klimatilpassings-utgreiinga då framleis var ein månad fram i tid, og saka var under handsaming i alle organisasjonane.

LO vil understreke at dette er eit svært viktig tema, som har stor påverknad på arbeids- og næringslivet. Vi ønsker derfor at klimatilpassing vert sett opp til drøfting også på seinare møter i Arbeidslivets Klimaråd. Tilpassing til eit klima i endring vil kreve involvering frå heile samfunnet over tid, og vil kreve omstillingar og tilpassingar også i arbeidslivet og næringslivet. Utvalet har i utgreiinga ikkje vurdert behovet for samspel med arbeidstakarorganisasjonar, noko vi forventar vil vere ivaretatt i stortingsmeldinga.

Med helsing
LANDSORGANISASJONEN I NORGE

Gerd Kristiansen
(sign.)

Grethe Fosslø
(sign.)

Saksbehandler: Anne-Beth Skrede

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.